

# Ungdata Junior 2021

Korleis har ungdomane det i Vinje kommune?

HELSE TRAKASSERING IDRETT SoMe  
FYSISK AKTIVITET

TRIVSEL

VALD

FORELDRE

SKULEN

VENER

LIVSKVALITET

FRITID

# Ungdata Junior 2021 Vinje kommune

- Gjennomført mars 2021
- 5. – 7. trinn
- Antal elever som deltok: 126
- Svarprosent: 93
- Tilsvarande undersøkjing i ungdomstrinnet



# Livskvalitet

- Statistisk sett er det 1 elev ved kvar skule som ikkje syns livet er bra.

” Dei aller fleste barn tykkjer sjølve at dei har eit bra liv



# Livskvalitet


## Søvn

- Tiltråding søvn barn i alderen 10 – 12 år: mellom ni og ti timar søvn
- I Ungdata Junior rapporterar ein god del barn at dei har sove mindre enn det som er tilrådd.

” Det varierer ganske mykje kor mykje søvn barn rapporterer.

### Søvn

Det er viktig både for konsentrasjon og trivsel å få nok søvn. Det er tilrådd at barn i alderen 10–12 år får mellom ni og ti timar søvn. Ungdata junior kartlegg kor mange timar barna sov sist natt. Ein god del barn rapporterer at dei har sove mindre enn det som er tilrådd.




# Vener

- Vinje kommune har betre statistikk i høve tema «venskap», enn det som kjem fram i resten av landet.

” Dei fleste barn er sikre på at dei har minst éin god venn som dei stoler heilt på


Har du minst éin venn som du kan stole heilt på og snakke med om alt mogleg? Prosent i Vinje kommune og nasjonalt




# Vener

- Nokon oppgir at dei ikkje har nokon å vera saman med, hverken på skulen eller fritida.
- **REFLEKSJON:** Kva kan me saman gjera for å byggje venskap hjå barn?

Har du nokon å vere saman med på fritida?  
Prosent



Har du nokon å vere saman med i friminutta på skulen? Prosent






# Foreldre

” Det store fleirtalet av barn er veldig nøgde med foreldra sine

” Mange foreldre investerer mykje tid og ressursar i barna sine. Kanskje er dette grunnen til at barn flest har ei så positiv oppleving av foreldra sine?

Kor nøgd er du med foreldra dine? Prosent i Vinje kommune og nasjonalt




# Skule

- I Vinje kommune er elevane litt over landssnittet nøgde med skulen dei går på.
- «Ikkje nøgde i det heile» følgjer landsgjennomsnittet.

” Ikkje alle barn er like godt nøgde med skulen dei går på

Kor nøgde er du med skulen du går på? Prosent i Vinje kommune og nasjonalt






# Skule

- 77% svarar at «eg kjedar meg i skuletimane»
- Elevundersøkinga samsvarar med resultat Ungdata Junior i høve skulerelatera spørsmål
- Fagfornynginga – vil den føre til endring?

” Trivselen i norsk skule er god. Dei fleste barn opplever gode relasjonar til lærarar og til dei andre elevane i klassen


Korleis barn stiller seg til ulike utsegner om skulen. Prosent som er einige og ueinige i ulike utsegner



# Nærområdet

” Barn i dag veks opp i ei globalisert verd. Det lokale og det å høyre til i nærmiljøet er likevel svært viktig i livet til barna

Kor godt nøgd er du med nærområdet der du bur? Prosent i Vinje kommune og nasjonalt




# Nærområdet

## Tryggleik


- REFLEKSJON: Dei fleste barn kjenner seg trygge – kva med dei føresette?

” Dei aller fleste barna opplever det som trygt å ferdist i nærområdet sitt. Dei fleste opplever òg skulevegen som trygg

Kor trygg kjenner du deg på veg til og frå skulen? Prosent i Vinje kommune og nasjonalt



Kor trygg kjenner du deg når du er ute i området der du bur? Prosent i Vinje kommune og nasjonalt




# Fritid

## Bruk av medium

- Vinje skil seg ut nasjonalt ved at elevane brukar mellom 1-2 timar framfor skjerm
- Skilnad jenter og gutar på tidsbruk!
- **REFLEKSJON:**
  - **Kva kan årsaka vera til at Vinje skil seg positivt ut på bruk 1-2 timar?**
    - Har dei føresette tydelege grenser på tidsbruk?
    - Har det førebyggjande arbeidet hatt ein effekt?

” Det er stor variasjon mellom barn når det gjeld kor mykje tid dei brukar framfor ein skjerm i løpet av ein vanleg dag


Omtrent kor mange timar brukar du til saman på aktivitetar framfor ein skjerm utanom skulearbeid? Prosent i Vinje kommune og nasjonalt



# Fritid Bruk av medium

- 20 % brukar 1-2 timar eller meir på sosiale medium.
- Barna brukar ikkje mykje tid på å lese aviser eller sjå på nyhende!


Omtrent kor mykje tid barn brukar på ulike medium ein vanleg dag etter skulen. Prosent



# Fritidsaktivitetar

” Dei aller fleste barn er med på éin eller fleire faste fritidsaktivitetar, og mange bruker fleire kveldar på slike aktivitetar. Idrett er den fritidsaktiviteten som aller flest er med på


Kor mange gutar og jenter som driv med ulike typar faste fritidsaktivitetar. Prosent



# Fritidsaktivitetar

- I Vinje kommune ligg me litt under landsgjennomsnittet i høve deltaking på faste fritidsaktivitetar.
- **REFLEKSJON:** kva tenkjer de er grunnen til det?

Er du med på nokre faste fritidsaktivitetar for tida? Prosent i Vinje kommune og nasjonalt



Barn har jamt over eit høgt fysisk aktivitetsnivå opp til ein viss alder, men aktivitetsnivået søkk med alderen. Studiar viser at 15-åringar er mykje mindre fysisk aktive enn 9-åringar.



# Helse

## Psykisk/fysisk


### Helse

Eigenvurdert helse er ein viktig indikator for sjukelegheit og bruk av helsetenester og blir brukt til å overvake befolkninga sin helsestatus over tid.

Nasjonalt svarer om lag 9 av 10 barn at dei er nøgde med helse si, medan 1 av 10 er mindre nøgde.

Gutar er i gjennomsnitt noko meir nøgde med si eiga helse enn jenter.

Kor nøgd er du med helsa di? Prosent i Vinje kommune og nasjonalt




# Helse

## Psykisk/fysisk


- Bruk av smertestillande

” Barn er stort sett godt nøgde med si eiga helse. På landsbasis svarer likevel éin av fire at dei har brukt smertestillande tablettar i løpet av den siste veka

Kor mange gutar og jenter som i løpet av den siste månaden har hatt helseplager mange gonger eller dagleg. Prosent




Har du brukt tablettar mot hovudverk eller andre smerter den siste veka? Prosent i Vinje kommune og nasjonalt



# Mobbing

” Fleirtalet av norske barn blir ikkje utsette for mobbing, men samstundes er mobbing eit alvorleg problem for dei som blir ramma


Tenk på dei siste månadene. Har du blitt stengd ute, plaga eller truga av andre barn på skulen eller på fritida?  
Prosent i Vinje kommune og nasjonalt



# Mobbing på nett

- Auka bruk av mobiltelefon og internett
- Trend: mykje merksemd knytt til digital mobbing
- På landsbasis: 3 av 4 barn har ikkje opplevd dette.
- For dei som blir utsett (1 av 4 barn), er det mest vanleg med sårande ytringar (til dei eller om dei) via nett eller mobil.
- Tidleg innsats!

Kor mange barn som har opplevd negative hendingar på nett eller mobil i løpet av dei siste månadene. Prosent i Vinje kommune og nasjonalt



# Hovudpunkt:

- Me ser at utfordringane går ned i klassetrinn. Det me tidlegare såg på ungdomsskulen, finn me og no på mellomtrinnet.
- God skulevardag, både fagleg og sosial.
- Søvn viktig!
- Ha fokus på bruk av nett - bildedeling, porno.
- Vinje er ein trygg og god stad å bu.
- TIDLEG INNSATS ER VIKTIG!



# Ta kontakt:

## UNGDATEAMET:

- Signe Bråstøyl      signe.braastoyl@vinje.kommune.no
- Astrid F. Aamand    astrid.aamand@vinje.kommune.no
- Silje Hagen        silje.hagen@vinje.kommune.no

[www.ungdata.no](http://www.ungdata.no)

[www.vtfk.no/ungdata](http://www.vtfk.no/ungdata)

**TAKK FOR OSS!**

# Ungdata junior 2021

## Vinje kommune



Barnetrinnet 5.-7. klasse

© OsloMet, Velferdsforskningsinstituttet NOVA, 2021  
NOVA - Norwegian Social Research  
[www.oslomet.no/om/nova](http://www.oslomet.no/om/nova)



# Definisjonar

Korleis nøkkelindikatorane er målte.

## Livet mitt er bra

Indikatoren er målt med eit spørsmål der barna blir bedne om å seie seg einige eller ueinige i ulike utsegner om livet. Indikatoren viser kor mange prosent som var «heilt einig» eller «litt einig» i utsegna «Livet mitt er bra».

## Sov minst ni timar sist natt

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Omtrent kor mange timar sov du natt til i dag?» Indikatoren viser kor mange prosent som svarer minst ni timar.

## Har minst éin fortruleg venn

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Har du minst éin venn som du kan stole heilt på og tru deg til om alt mogleg?» Indikatoren viser kor mange prosent som svarer «Ja, heilt sikkert» eller «Ja, det trur eg».

## Har alltid eller som regel nokon å vere saman med på fritida

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Har du nokon å vere saman med på fritida?» Indikatoren viser kor mange som svarer «Ja, alltid» eller «Ja, som regel».

## Er nøgd med foreldra sine

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Kor nøgd er du med ulike sider ved livet ditt?» Indikatoren viser kor mange prosent som svarer at dei er «ganske» eller «veldig nøgd» med foreldra sine.

## Er nøgd med skulen dei går på

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Kor nøgd er du med ulike sider ved livet ditt?» Indikatoren viser kor mange prosent som svarer at dei er «ganske» eller «veldig nøgd» med skulen dei går på.

## Trivst på skulen

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Korleis har du det på skulen?» Indikatoren viser kor mange prosent som var «heilt einig» eller «litt einig» i utsegna «Eg trivst på skulen».

## Bruker minst éin time på lekser i løpet av ein vanleg dag

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Omtrent kor lang tid bruker du på lekser i løpet av ein vanleg dag?» Indikatoren viser kor mange prosent som svarer at dei bruker minst éin time på lekser.

## Gruer seg ofte veldig når dei skal ha ein prøve

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Kor ofte har du hatt det slik den siste tida?» Indikatoren viser kor mange prosent som svarer at dei «ganske ofte» eller «veldig ofte» gruer seg veldig når dei skal ha ein prøve.

## Er nøgd med nærområdet der du bur

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Kor nøgd er du med ulike sider av livet ditt?» Indikatoren viser kor mange prosent som svarer at dei er «ganske» eller «veldig nøgd» med «nærområdet der du bur».

## Kjenner seg trygg på veg til og frå skulen

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Kor trygg kjenner du deg?» Indikatoren viser kor mange prosent som svarer «ganske trygg» eller «veldig trygg» på spørsmålet om dei kjenner seg trygg på veg til og frå skulen.

## Bruker meir enn to timar dagleg framfor ein skjerm

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Tenk på ein vanleg dag etter skulen. Omtrent kor mange timar bruker du til saman på aktivitetar framfor ein skjerm (TV, data, nettbrett, mobil)? Ikkje ta med skulearbeid.» Indikatoren viser kor mange prosent som svarer at dei bruker meir enn to timar.

## Bruker meir enn éin time på dataspel ein vanleg dag etter skulen

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Tenk på ein vanleg dag etter skulen. Omtrent kor mange timar bruker du på dette?» Indikatoren viser kor mange prosent som svarer at dei bruker meir enn éin time på dataspel.

## Bruker meir enn éin time på sosiale medium ein vanleg dag etter skulen

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Tenk på ein vanleg dag etter skulen. Omtrent kor mange timar bruker du på dette?» Indikatoren viser kor mange prosent som svarer at dei bruker meir enn éin time på sosiale medium.

## Er med på faste fritidsaktivitetar

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Er du med på nokre faste fritidsaktivitetar for tida?» Indikatoren viser kor mange prosent som svarer «ja».

## Er nøgd med helsa si

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Kor nøgd er du med ulike sider ved livet ditt?» Indikatoren viser kor mange prosent som svarer at dei er «ganske» eller «veldig nøgd» med helsa si.

## Har hatt hovudverk mange gonger eller kvar dag den siste månaden

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Har du hatt nokre av desse plagene den siste månaden?» Indikatoren viser kor mange prosent som svarer at dei har hatt hovudverk «mange gonger» eller «kvar dag».

## Har brukt smertestillande den siste veka

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Har du brukt tablettar mot hovudverk eller andre smerter den siste veka?» Indikatoren viser kor mange prosent som svarer «ja».

## Har blitt stengd ute, plaga eller truga av andre barn omtrent kvar fjortande dag eller oftare

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Tenk på dei siste månadene. Har du blitt stengd ute, plaga eller truga av andre barn på skulen eller på fritida?» Indikatoren viser kor mange prosent som svarer «minst kvar fjortande dag» eller oftare.

## Har opplevd negative hendingar på nett eller mobil dei siste månadene

Indikatoren er målt med fire spørsmål som fangar opp negative hendingar på nett eller mobil så som trugsmål, utestenging, at nokon har skrive sårande ting og at nokon har delt bilete eller videoar.